



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 19. september 2019

Stad: Meland kommunehus – Formannskapssalen

Kl.: 08.30 – 11.30

Tilstade: Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Anne Marie Skurtveit (medlem), Torhild Stav Skare var for (Rikke Slåtten Nordal), Aslaug Aalen (medlem), Morten Klementsens (medlem) og Dag Erik Hagesæter (vara for Øyvind Bratshaug)

Innkalla: Rådmann Martin Kulild
Helsesjef Tord A. Lappen Moltumyr (til sak 35/19)

Økonomisjef Per Inge Olsen (til sak 36/19)

Revisjon: Revisor Ragnhild Kartveit Høyland, Nordhordland Revisjon (til sak 35/19)
Revisjonssjef Janne Eraker, Nordhordland Revisjon (til sak 34 og 35/19)

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall: Øyvind Bratshaug og Rikke Slåtten Nordal

35/19 Forvaltningsrevisjon – Meland kommune; Helsetilbudet til barn og unge

Saksvedlegg:

Nordhordland Revisjon IKS; Forvaltningsrevisjon september 2019 -
Helsetilbudet til barn og unge, Meland kommune

Saksopplysningar:

Forvaltningsprosjektet er utført på bakgrunn av kontrollutvalet si bestilling i møte 15.11.2018, sak 39/18. Arbeidet er gjennomført i perioden januar til september 2019. Prosjektet inngår i kommunen sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020.

Føremålet med prosjektet har vore å sjå nærare på kommunale styringssystem og sentrale rutinar innan tenesteområdet.

Revisjonen har undersøkt følgjande hovudproblemstillingar:

1. Har Meland kommune etablert rutinar for samhandling og samarbeid?
2. Kva rutinar har Meland kommune for informasjonsutveksling og teieplikt ved tverrfagleg samarbeid?
3. Kva rutinar har Meland kommune ved skifte av oppfølgingsansvarleg i ei eining?
4. Sørgjer Meland kommune for systematisk kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit?

Prosjektet er avgrensa til å sjå på systemnivå og gjeldande rutinar pr 2018. Revisjonen har gjennomført ein kontroll av verksemda vurdert opp mot enkelte sentrale lovkrav. Det er primært nytta dokumentanalyse og intervju (4) for å samle inn data. I revisjonen sin rapport vert dei ulike funna i undersøkinga oppsummert . Revisjonen kjem med ulike tilrådingar for vidare oppfølging og har her sett fokus på tiltak som kan vere relevante for ny kommune.

Rådmannen har ingen merknader til konklusjonane i sitt høyrings svar til rapporten. Rådmannen vil følgje opp rapporten gjennom leiargruppa til Alver kommune.

Tilrådingar frå revisjonen:

Revisjonen har med grunnlag i det som kjem fram i undersøkinga rådd til at Meland / Alver kommune set i verk følgjande tiltak :

- Vi vil rå til at kommunen vurderer å gjennomgå eigne rutinar for samhandling og samarbeid for å sikre at desse er fullstendige og oppdaterte slik at dei kan fungere som eit utgangspunkt for arbeidet med etablering av ny felles praksis og rutinar for å sikre likeverdig og einsarta tilbod i den nye kommunen.
- Vi vil rå til å etablere rutinar for å sikre opplæring i- og felles forståing av regelverket for teieplikt som blir tilpassa den sektor eller eining ein er tilsett i.
- Vi vil rå til å vurdere rutinar for innhenting av samtykkje til fritak for teieplikt slik at ulike einingar og team kan nytte den moglegheita dette gjev ved tverrfaglege samarbeid og bidra til å sikre einsarta praksis uavhengig av kva einingar, team og personar som er involverte.
- Vi vil rå til at å etablere eit system for kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit som oppfyller krava i lov og forskrift.

Sekretariatet si vurdering:

Radøy, Meland og Lindås skal om kort tid slå seg saman til Alver kommune. Også i dei to andre kommunane er det i år gjennomført forvaltningsprosjekt av ulike tenester retta mot barn og unge.

Radøy: «*Tidleg innsats i oppvekstsektoren*» - ferdig juni. 2019.

Lindås: «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø» ferdig sept. 2019

Dei tre forvaltningsprosjekta omhandlar ulike sider ved kommunane sitt ansvar og tenestetilbod til barn og unge i skulepliktig alder. Problemstillingane og funna i dei ulike prosjekta grip til dels inn i kvarandre. Kvar for seg kan desse gje viktige premisser for arbeidet med både psykososialt miljø og læringsmiljø for elevane i grunnskulen.

Funn og tilrådingar i dei ulike forvaltningsprosjekta bør derfor følgjast opp i det felles arbeidet med å utvikle system, rutinar og samhandling av tenester for barn og unge i Alver kommune, slik revisjonen og rådmannen peikar på.

Korleis kommunestyre og kontrollutval skal følgje opp at tilrådde tiltak vert sett i verk er ikkje lett å tilrå no på slutten av funksjonstida for både kontrollutval og kommunen.

Den vidare oppfølging av rapporten vert å drøfte ved handsaminga. I fellesmøte for kontrollutvala i september vil det verte gjeve ei orientering om prosjektet «Betre læringsmiljø».

Behandling i møte:

Leiar innleia kort med orientering om bakgrunn for prosjektet og om endra føresetnader – skulehelsetilbodet til elevane er styrka - før oppstart av prosjektet.

Revisor Ragnhild Kartveit Høyland gav ein presentasjon av prosjektrapporten og svarar på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dei ulike problemstillingane som er undersøkt i prosjektet vart gjennomgått og drøfta.

Rådmann Martin Kulild og helsesjef Tord A. Lappen Moltumyr orienterte om saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet rår til at rådmannen føl opp tilrådingane i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver.

Kontrollutvalet rår til at revisjonen legg fram rapporten for kommunestyret.

Framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.

Rådmannen vert beden om å kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet i møte den 14.11.19 om korleis tilrådingane i rapporten vert følgd opp.

Frekhaug, torsdag 19. september 2019

Kåre Skibenes / leiar



Øivind Olsnes / sekretær